

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Etne

Emne: Føkkelige omisittkunststrimmed Bygdelag: —

Oppskr. av: Trygve Ørjøl

Gard:

(adresse): Trette

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Eg veit ikkje om lura har vore mykje brukte her. Men eg har sett lura av seljebok med eit minnstykke av tre som det var bora eit hol i.

Men derimot var det for 60-70 år sidan brukte lange seljefløyter (ca 3/4 al.)

Dei som hadde noko Øving, kunne spela enkelte melodiar på desse.

Tjrand Sunde (orfjor i Skånevik 1911-13.) skulle vera reint ein meister til å spela på seljefløyte. Han hadde alltid eit utval av seljefløyter liggjande i oppkoma heime på gartan.

Og når det kom framande til han, gjekk han jamt etter seljefløyte og spela åt gjestene.

2. Halmpiper laga dei jamt om haustane når dei skar kornet. Desse halmpipene var det helst borna som for og blei på

4. Borna og ungdomar moroa seg ofte med å smella blad i handa.

T. d. blad av Kjempe, hassel, hegg o. fl. Likeins brukte dei å smella luft.

fyllte papirpöar og blomsterkinnene av

engsmelle, bikketokke, revekjølle.

Skot var ~~mykje~~ ^{alltid} bruka juleafta.

Å skyta inn jula var fast regel i alle grender. Det var gamal skikke å bora hal i store kubbbar og lata med krut i eldre tider. Men i den seinare tid bruka dei dynamitt.

Geværskot var også bruka juleafta i eldre tid.

Å skyta med brulleip er jamt bruka no, men eg trur ikkje det er serleg gammalt.